



SONANS PRIVATGYMNAS AS  
Postboks 943  
7409 TRONDHEIM

Dato: 03.07.2018  
Vår ref.: 2018/11018-4  
Saksbehandlar: sigsvar  
Dykkar ref.:

## Endring i organiseringa av privatisteksamen i Hordaland

Fylkesrådmannen i Hordaland har bestemt at eksamenskontoret frå og med vårsemestret 2019 skal avvikle ordninga med at privatistar som går på kurs skal få kurslæraren sin som eksaminator på munnleg og munnleg-praktisk eksamen. Årsaka til dette er etiske og praktiske utfordringar med ordninga. Utval for opplæring og helse vart orientert om endringa i møtet 5. juni og hadde ingen innvendingar.

### Ei meir rettferdig organisering

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å arrangere eksamen for privatistar. Forskrift til opplæringslova definerer ein privatist som *ein som har meldt seg til eksamen i eitt eller fleire fag frå vidaregåande opplæring utan å vere elev eller lærling i desse faga*. Kvart år arrangerer eksamenskontoret i Hordaland nesten 20 000 eksamenar for om lag 9 500 privatistar.

Fylkeskommunen ønskjer å behandle alle som skal ta privatisteksamen på same måte. Privatistar vel sjølv korleis dei vil bu seg til eksamen, og mange har sikkert god nytte av å gå på private kurs. Ei rettferdig organisering av privatisteksamen inneber at fylkeskommunen ikkje kan ta omsyn til korleis kandidatane har valt å førebu seg.

Ordninga med at kursdeltakrarar får kurslæraren sin som eksaminator har gitt dei som går på kurs ein føremon framfor andre sidan desse kjenner eksaminator og kva typar oppgåver han plar bruke. I tillegg har praksisen vore at eksamenskontoret har lagt eksamenane til kandidatar som går på kurs så seint som mogleg i semesteret.

### Ressursbruk på eksamenskontoret

For eksamenskontoret er det svært tids- og ressurskrevjande å ta omsyn til privat kursverksemd i planlegging av munnleg og munnleg-praktisk eksamen. Eit konservativt overslag er at planlegginga tek 4 til 5 gongar lengre tid når ein skal ta omsyn til kven som går på kurs enn om alle kandidatar blir behandla på same måte.

### Framtidig samarbeid

Eksamenskontoret vil så langt som råd arrangere munnleg og munnleg-praktisk eksamen i dei same periodane vår og haust slik at det skal vere føreseieleg for dei som held kurs og skal planlegge undervisning. Om våren vil eksamensperioden vare frå medio april til medio juni, om hausten frå november til medio desember. Vi tek etterhald om store endringar i kandidattalet.

### Eksamenshausten 2018

Hausten 2018 vil eksamenskontoret ta i mot lister med kandidatar som går på kurs slik vi har gjort tidlegare. På grunn av nye retningsliner for personvern må desse listene leverast på minnepenn på

eksamenskontoret. Etter sumarferien skal vi i samarbeid med fylkeskommunen sitt personvernombod vurdere om det er trøng for flere tiltak.

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Siglinde Marguerite Svare  
leiar eksamenskontoret

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*